



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2010



15. ÅRGANG



No kimar det til julefest. . .

Vestnes kyrkje i vinterdrakt

Foto: Janne Nakken



Julehelsing frå biskopen 2010

I år har eg hatt ei spesiell førebuing til advent og jul. Eg har skjøna med hjartet noko eg har hatt som kunnskap i årevis. Midt under Kyrkjemøtet si grundige behandling av korleis vi i framtida skal feire gudsteneste i kyrkjene våre, såg eg det. Vi held på med advents- og juleførebuing heile året når vi i gudstenesta søndag etter søndag syng:

«*Ere vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske som Gud har glede i!*»

Mykje vert endra over tid, men ikkje årsaka til gleda og takksemda over at Gud grip inn i historia slik han gjorde den gongen - og i våre liv i dag. Alt vi arbeider med i kyrkja, handlar om å peike på vegen til den Gud som gav oss Jesus Kristus. Alt vi gjer, har som mål å bringe Jesus Kristus nær kvar einaste ein av oss så vi kan leve liva våre saman med han.

Johannes formulerer juleevangeliet på denne måten:

*Men alle som tok imot han,
dei gav han rett til å bli Guds born,
dei som trur på namnet hans.
Dei er ikkje fødde av kjøt og blod,
ikkje av menneskevilje
og ikkje av manns vilje,
men av Gud.*

*Og Ordet vart menneske
og tok bustad mellom oss,
og vi såg hans herlegdom,
ein herlegdom som den einborne Sonen
har frå Far sin,
full av nåde og sanning.*

Til alle tider har menneske leita etter Gud. Det står mykje om håp og lengsel i Bibelen. Håp om at Gud må tre tydeleg frem - lengsel etter å sjå han, høre han og bli rørt ved av han.

Jesus vart fødd. Han vart menneske. Når alt anna vert lagt til side, er det dette heile jula og den kristne trua handlar om. Han kom til verda: til oss alle. Han kom for vere vegen vår til Gud. Han kom til verda: til oss alle,



Engel av Giotto

han kom til meg. Han kom for å gjere noko vi ikkje kan klare sjølve. Han vart fødd for å gje livet sitt - for å gje oss liv. For det at Ordet vart menneske, betyr at vi har fått eit nytt liv i gåve. I dåpen vart vi merka for livet. Vi vart korsmerkte. Det finst ikkje ein dag eller ein situasjon, ikkje ei glede, ei sorg eller ein smerte vi treng å møte åleine. Jesus er med oss i vårt eige liv, i kyrkjelyden, på arbeid eller på skulen, - ja, der vi ferdast. Han som trøystar, er alltid der for oss.

Velsigna jul!

Ingeborg Midttømme

Gåve til Kyrkjebladet

Det er kjekt å få tilbakemeldingar om at mange les og set pris på Kyrkjebladet. Når det gjeld økonomien, er vi framleis avhengige av gåver frå lesarane. Vi takkar difor alle som vil gje oss ei pengestøtte slik at Kyrkjebladet kan kome ut neste år også. Bruk giroen som ligg i bladet, eller kontonummer **4056.20.62124** for di gáve.

Ein stor takk til alle som støttar oss.

Konsertar i kyrkjene

Adventskonsertar

- 12. des. Vestnes kyrkje kl. 17.00
- 12. des. Fiksdal kyrkje kl. 15.00
- 19. des. Vike kyrkje kl. 15.00
- 19. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.30

Romjulskonsert

Vestnes kyrkje 30. des. kl. 19.00
Konsert arrangert av Musikkens venner, Tomrefjord. Musikalsike innslag frå mange flotte aktørar.

Julefest

Tresfjord kyrkje 27.
desember kl 16.00.



Vike kyrkje 2. januar kl 17.00.

Velkommen!

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Adresse: Kyrkjemkontoret
6390 Vestnes

Kontonummer:

4056.20.62124

E-post adr.:

kyrkja@vestnes.kommune.no

*

*Vi oppfordrar dei som
måtte ha forslag til stoff
eller noko dei vil ha med
i Kyrkjebladet, om å ta
kontakt med redaksjonen
Takk!*

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, Kyrkjeverje

Telefon: 71184235 / 48155034

E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon: Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor:

Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 93491298

Inger Marie J. Sylte, prosjektprest 71184238

E-post: ingermjakobsen@yahoo.no

Nina Kvernmo, trusopplæringsmedarbeidar

Telefon: 71184238 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.kyrkja.vestnes.no

Bachs juleoratorium

Av Sissel Schiøtt

(Juleoratorium er navnet på et sakralt musikkverk som forteller den bibelske fortellingen om Jesu fødsel, Bachs er skrevet på tysk).

Bachs juleoratorium, BWV 248, komponert mellom 1734 og 1735, ofte bare kalt juleoratoriet, er et av de mest berømte og spilte, sakrale verk av Johan Sebastian Bach. Storverket var i lang tid dekket av glemselets slør. Først en god stund etter den sjeldentende gjenopplivelse av Matteuspasjonen under den unge Mendelssohns ledelse i 1829, og oppførelse av Johannespasjonen og h-mollmessene, ble Bachs Juleoratorium gjennoppført i 1857 av Berlinersingakademiet. Da hadde Bachrenessansen allerede gjort sitt inntog. I virkeligheten er ikke verket et enkeltstående oratorium, men en syklus av seks kantater for juletiden, nemlig de dengang tre julefestdagene 25., 26. og 27. desember, fødselshistorien, jf. (Lukas 2, 1-20), nyttårsdagen (omskjæringen og navngivingsdagen), jf. (Lukas 2, 21), søndag etter nyttår og helligtrekongersdag, 6.januar jf. (Matt. 2, 1-12).

Del I: "Jauchzet, frohlocket" (første juledag)

Den første kantaten begynner med tiden før Jesu fødsel. Kristenheten priser hans ankomst med pauker og trompeter og et jublende åpningskor. Videre handler denne kantaten om at Maria og Josef måtte følge keiser Augustus' bud om å forlate hjemlandet Galilea for å skrive seg inn i folketellingen i Josefs fødeby Betlehem (Luk 2, 1-6). Resitativet forteller om Jesu fødsel, (Lukas 2, 7).

Del II: "Und es waren Hinten in derselben Gegend" (andre juledag)

Den andre delen handler om meldingen om Jesu fødsel til hyrdene. Den åpner med en inngangssymfoni som fremstiller hyrdenes musikk. I natten kommer engelen til hyrdene, (Lukas, 2, 8-9). Engelen forkynner Jesu fødsel, (Lukas 2, 10-11). Med basstemme minnes det om Guds gammeltestamentlige Messiasprofeti som hyrden Abraham mottok. Engelen profeterer at barnet ligger i en krybbe, (Lukas 2, 16). Basstemmen oppfordrer hyrdene til å dra til stallen og synge vuggesang for barnet. Etter at Maria har sunget vuggesangen "Schlaf, mein Liebster", jubler englene hærskare i en stor tuttifuge og ber om fred på jorden.

Del III: "Herrsch der Himmels, erhöre das Lallen" (tredje juledag)

Den tredje kantaten slutter den egentlige historien om julenatten med en bønn fra hyrdene i stallen i Betlehem. Etter at englene forsvinner (Lukas 2, 15), begir hyrdene

seg på veien til Betlehem. Med den følgende koralen blir igjen den store kjærligheten i Guds gave tatt imot med glede. Etter at englenes løfte bekreftes, sprer hyrdene nyheten videre (Lukas 2, 16-18). I en ny vuggesang forsøker Maria meditativt å erindre alt hun har hørt (Lukas 2, 19). Den første halvdelen av juleoratoriet avsluttes med åpningskoret.

Del IV: "Fallt mir danken, fallt mir Loben" (nyttårsdagen)

Den fjerde delen av juleoratoriet oppmuntrer til å takke Gud, fordi hans sønn vil bli "Heiland und Erlöser", Frelser og Forløser. Evangelisten beretter om omskjæringen, hvor den nyfødte får navnet Jesus, Lukas 2, 21. Bassen skildrer hvordan Jesus er hans liv og tilflukt. I dialog med en sopran spør han seg hvordan man best kan være Jesus, en tenor ber om kraft og mot til å takke for Jesu nåde, en koral avslutter fjerde del med ønske om Jesu hjelp.

Del V: "Ehre sei dir Gott, gesungen" (første søndag etter nyttår)

Et livfullt kor innleder femte del med å prise Gud. Evangelisten beretter hvordan de vise fra Østerland spurte kong Herodes om den "nyfødte kongen av jødene". Et altresitativ spør hvorfor Herodes er skremt over Jesu fødsel og om han ikke heller burde glede seg. Herodes får fortalt yppersteprestene og de skriftlærde at Jesus er født i Betlehem. Den avsluttende koralen betegner et "slikt hjerterom", men gjennom Jesu "nådestråle" vil det lyse av full sol.

Del VI: "Herr, wenn die stoltzen Feinde Schnauben" (hellig tre kongers dag)

Etter at koret skildrer hvordan man gjennom troen på Gud kan unngå fiendens klør, ber Herodes de tre vise menn fra Østerland om å søke etter barnet, slik at også han kan tilbe det. Et sopranresitativ beskriver Herodes' list og falskhet. De Hellige tre konger fra Østerland finner barnet i sin krybbe og skjenker det gull, røkelse og myrrha. Gud befaler dem i en drøm ikke å gå til Herodes, men å reise til sine egne land. Et feststemt kor skildrer at Jesus har overvunnet "død, djevelen, synd og helvete" og avslutter verket.

Skaparvekets dag i Øygardsbukta 15.august

Vi var heldige med veret og fekk ei flott gudsteneste med grilling, kaffi, bodsja og krabbeleiting i fjøra.



Sokneprest Finn Arne leiar ann i songen:
"Er du veldig glad å veit det, ja så hopp.."



Dei trufaste songarane er gode å ha! Her
med dirigent Nils Gjelsten.



Ungane fann mykje "skaparverk" i fjøra.

Misjonsjubileum

Av Signe Hellevik



I oktober blei det feira misjonsjubileum i fleire av kyrkjene våre. Det er 100 år sidan den store misjonskonferansen i Edinburgh, og både verda og misjonen har gått gjennom store endringer sidan den gong. Mottoet "Evangeliet til alle i vår generasjon" er

framleis aktuelt, men det er ikkje lenger snakk om ein bevegelse frå Vesten til resten av verda, men like mykje ein bevegelse frå sør til nord.

Våre nye naboar frå Etiopia var med og sette farge og smak på jubileet, med song, musikk, klede og språk. I Vestneskyrkja serverte dei også ein fantastisk smakfull etiopisk injera med god og sterk kjøtsaus til.



Kyrkjebasaren 2010

Kyrkjebasaren 2010 hadde i grunnen same opplegget som tidlegare år, og stemninga var god. Middagen med ball og bacalao, var som vanleg svært populær. Folk sto nærest i kø når serveringa opna. Det var stort sett same kokkane og kjøkenpersonalet i år som i fjor, og maten var like fortreffeleig.

Åresalet gjekk unna i full fart, gevinstane på loddbøkene vart trekt på bakrommet medan Inger og Johan Grytten kom med sine



musikalske innslag, vitnemål og forteljingar. Svært mange fine gevinstar fekk sine eigarar. Vestnes sokneråd takkar alle givarane, både private og næringsdrivande, og alle som kjøpte lodd. Omlag 50.000 kr brutto, medrekna sal av mat, vart resultatet. 80 % av pengane skal gå til barne- og ungdomsarbeidet i soknet, og resten blir avsett til nytt messehakel.


Kyrkjebasaren er eit relativt stort arrangement, og utan dyktige medhjelparar hadde det ikkje vorte basar. Så sist, men ikkje minst, ein stor takk til alle medhjelparane!

Finn Arne Roaldsnes avslutta kvelden.

Kaare Lervik, for Vestnes sokneråd

På jobb i Kamerun

Av Øystein Barte Hellevik



Øystein Barte Hellevik, 19 år. Student ved Hald Internasjonale Senter i Mandal. Bor i Ngaoundere, Kamerun, fra oktober til april.

- sammen med kamerunere - en formidabel jobb med å etablere det som i dag er den Evangelisk-lutherske kirken i Kamerun (EELC). Med kirken har det kommet mye godt hit til Ngaoundere. Blant annet har kirken etablert et sykehus, en videregående skole og et senter for vanskeligstilte kvinner. EELC, med alt som hører til, står i dag på egne ben. De fleste misjonærerne har blitt overflødigjort, noe som tyder på at de som har vært her, har gjort jobben sin. Det er virkelig spennende å se hvor stor forskjell en kirke kan gjøre og hvor hardt så mange mennesker arbeider hver dag for at kirken kan fortsette å bety så mye for Ngaoundere som den gjør. Jeg for min del har for tiden nok med å støtte meg frem til "Hvor mye koster baguetter?" på fransk. På tross av mildt sagt beskjedne franskkunnskaper, har jeg blitt kastet inn i både jobb som sekretær på kirkekontoret og lærer på kvinnedesenteret. Dette har vært like spennende

Jeg tror Jesus visste at han snakket til mange eventyrlystne sjeler da han rett før himmelfarten sa "Gå derfor ut." Selv er jeg nok ikke en av de som reiser ut etter Jesu befaling, men frem til april skal jeg få leve sammen med og lære av de norske misjonærerne her i Ngaoundere i Kamerun. Det Norske Misjonsselskap har siden 1930-tallet vært til stede her, men i dag er det bare en håndfull misjonærer igjen. De misjonærerne som var her før, gjorde




Høsting av peanøtter.

som det har vært utfordrende, men så langt holder jeg hodet over vann. I tillegg til arbeid med EELC tilbringer jeg en dag i uken på et barnehjem i byen, hvor jeg underviser i engelsk og puslespill-spilling. Det er i det hele tatt mye å finne på her. Nå gleder jeg meg til en jul hvor snø og julenisser blir byttet ut med sol og strandliv i Kenya, hvor jeg skal på juleferie.

Til deg som spelar hjå Norsk Tipping: Grasrotandelen

Vi ønskjer ikke å oppmøde til pengespel, men dei som spelar hjå Norsk Tipping har høve til å la Grasrotandelen gå til KRIK Vestnes. 5% av innsatsen går til Grasrotmottakaren (t.d. KRIK Vestnes), utan at det kostar noko meir for den som spelar. Eventuell gevinst blir ikkje påverka, og du som Grasrotgjevar blir ikkje belasta på noko vis. Om du vil la Grasrotandelen gå til KRIK Vestnes, kan du gjere det på ein av desse måtane:
1) Hjå Kommisjonären: Sei at du vil støtte KRIK Vestnes. Ta gjerne med denne strekkoden. 2) SMS: GRASROTANDELEN 995089890 til 2020 (tenesta er gratis).
3) Internett: grasrotandelen.no eller norsk-tipping.no.
4) Norsk Tipping Mobilspill.



Utenfor barnehjemmet.



KRIK Vestnes takkar for støtta!!

Oppstart av søndagsskule i Vestnes kyrkje

Av Karen Louise Falch

Søndag 31. oktober ble det starta søndagsskule på kyrkjeloftet i Vestnes Kyrkje. Etter dåpen blei sokneprest Signe Hellevik var ein raud tråd ved lesepulten som ho aldri hadde sett i kyrkja før. Ho lurtet på om det var nokon i kyrkja som visste noko om tråden. Og det var det! Sølvi Hegdal kom fram og fortalte at det skulle begynne søndagsskule i dag og at alle ungane som var i kyrkja, kunne bli med. Så gjekk Sølvi først og var lokomotiv med ungane som vogner. Dei følgde den rauden tråden og hamna oppe på kyrkjeloftet. Her blei alle registrerte og fekk eit kort som dei får klistermerke i kvar gong dei møter på søndagsskulen. Etter tre gonger vil dei få ei overrasking, likeins etter seks og ni gonger. Dagens tekst var



"Jesus som metta fem tusen". Sølvi fortalte og viste på flanellografen. Alle dei 15 UNGANE som hadde møtt fram, var villige til å svare og delta, og som takk for god innsats fekk alle to rauda fiskar som smakte sött. Alle fekk fargelege kvar si teikning, og så avslutta ein med Fadervår og

gjekk samla ned i kyrkjerommene igjen. På eit bord ute i våpenhuset vart det sett fram ulike ting som var nytta under søndagsskulen, slik at alle som var i kyrkja, kunne få eit lite innblikk i kva som var gjort. Det kom mange positive tilbakemeldingar frå både foreldre og ungar på at vi har fått til søndagsskule. Og den rauden tråden var det mange som nemnde. Det var ein fin måte å samle ungane på. Det var utruleg kjekt at så mange ungar møtte første gongen! Vi håpar frammøtet vert like stort og kanskje enda større i framtida?

Søndagsskuleplan i Vestnes kyrkje

- 12. desember kl. 11.00
- 09. januar kl. 11.00
- 20. februar kl. 11.00 (Karnevalsgudsteneste)
- 06. mars kl. 11.00 Myra kulturhus
- 17. april kl. 11.00 Storfamiliegudsteneste

Dugnad i kyrkjekontorkjellaren

Av Inger Marie J. Sylte

Endeleg er vi godt i gang med å gjera klart eit lokale for barn og unge. Vestnes sokneråd har eit ynskje om å kunne gje eit tilbod for denne gruppa, ein stad der dei kan samlast.



Godt med pizza mellom øktene.

Fleire frivillige har brukt nokon tysdagar i november for å klargjera lokale til bruk. Grøne skapdører, gule veggar og brunt panel vert malt i kvit farge. Nytt gulvbelegg skal koma og romma skal etter kvart fyllast med sofa, kjøkkenutstyr, bord, stolar, hobbyutstyr, digitale finessar og babystolar. Her er det håp om å kunne samle dei unge til hyggelege samlingar i 2011. Målet er eit kjøkken, Tv rom, oppholdsrom, musikkrom og hobbyverkstad. Tusen takk til alle som stiller opp for å ta i eit tak og takk til Vesnes sokneråd som spanderer pizza til dugnadsjengen.



Frå grønt til kvitt.

Oppstart av kor i Vestnes kyrkje



Jubelgjengen på korøving i Vestnes kyrkje.



Frå første øvinga til ungdomskoret i haust med dirigent Maiken Nakken.

Undretur i kyrkja

Av Inger Marie J. Sylte



Påminning av dåpen.

4-åringane i Fiksdal og Vestnes sokn vart inviterte til undretur i sine kyrkjer ein søndag i september. Her fekk dei omvisning inni kyrkja av presten som skulle ha gudstenesta den dagen. Dei fekk sjå kor presten sine arbeidsklede og påkledningsrommet er. Songtal fekk dei hengt opp på tavla, alterringen vart sit-teprøvd medan dei såg på kva som var i alterbilete. Dei helte vatn oppi døypefonten for så å få eit korsmerke teikna i panna si. Prekestolen måtte prøvast ut, og organist Sissel Schiøtt viste fram orgelspeling. 4-åringane i Fiksdal fekk ein litt ekstrabonus med at dei vart med opp i klokkartårnet, då på foreldra sitt ansvar. Både i Vestnes og i Fiksdal var det kjempebra oppmøte der det heile vart gjennomført rett før gudstenesta der 4-åringane skulle få utdelt ei bok frå sokneråda sine. Mellom vandringa og gudstenesta fekk dei slappe av litt og ete gode muffins.



4-åringane i Fiksdal.




Undretur i Vestnes kyrkje.

Tårnagentene på NRK jul 2010 og Tårnagenthelg i 2011

Av Inger Marie J. Sylte

Kyrkjetårnet er ein spanande stad som er godt synleg utanfrå, men som få born har opplevd frå innsida. Dette vil dei nå få muligkeit for. I januar planlegg Den Norske Kyrkja og søndagsskulen i samarbeid å arrangere Tårnagenthelg for alle landets 8-åringar. Dette vil finne stad i kyrkjene i dei lokale kyrkjelydane. Breddetiltaket baserer seg på søndagsskulen sin serie om tårnagentane som skal visast på NRK jula 2010. I løpet av ei tårnagenthelg skal deltakarane vere Tårnagentar og løyse ulike oppdrag som gir ei innsikt i bibelforteljingar og kyrkje-huset sitt mange hemmlegeheter. Søndagen skal 8-åringane vere med og gjennomføre gudstenesta som får sitt tydelege tårnagentpreg. Vi i Vesntes kommune ynskjer å delta på dette så i januar vil nok nokon 8-åringar få ein invitasjon i posten med tilbod om å delta på ei tårnagenthelg. Følg med på gudstene-lista for dato. Fram til då anbefalar vi på kyrkjekontoret å sjå på serien som skal gå på NRK i romjula..



Haustminner frå Topp Safari

Av Inger Marie J. Sylte

Desse månadane har fleire aldersgrupper fått oppleve ulike tiltak gjennom Topp Safari. Dette er eit trusopplæringsstilbod til barn og unge (0-12 år) som tilhører Tresfjord og Vike sokn. Kvar aldersgruppe vert invitert til eit tiltak ein gong i året: 0-1 år babysong (dette tiltaket er ein gong i månaden), 2-3 år pinsefest i kyrkja, 4-5 år undretur i fjøra, 6-7 år julespel, 8-9 år bygging, 10-11 år fisketur, 12 år overnattingstur.



"Fiskelykke ved Kjøpstad kai".

Fisketur

Tresfjord inviterte 10- og 11-åringane til fisketur i midten av september. 5 stk fekk vere med å sette ut garn ein fredags ettermiddag. Jan Rune Vestnes, Steinar Vestnes og Arne Kjøpstad er dei dyktige fiskarane som tek ungdomane frå Tresfjord sokn med ut på fisketur. Dei lærer bort sine knep på ein interessant måte og er lette å be når deltakarane ynskjer ein båttur. Laurdag formiddag møtte alle opp på Kjøpstadbrygga for å ta opp garnet og sjå på fangsten. Jubelen var stor då det viste seg at garnet inneholdt mange ulike fisketypar, ein gedigen krabbe og ei stor sjøstjerne. All fisken som dei hadde vore med å fange fekk dei vere med å filtrere og alle hadde kvar sin fiskepakke som vart steikt på grillen. Målfrid Kjersheim hjelpte til med god mat, varm kakao og kaffi som gjorde underverk etter fiskelykke. Inger Marie J. Sylte kom og fortalte ei bibelforteljing. Alle måtte vere med å dramatisere ein fisketur frå Jesus tid. Oppi båten fekk alle ein replikk kvar som dei brukte i forteljinga om då disiplene fekk så lite fisk.

Undretur i fjøra

I september vart 4- og 5-åringane i begge sokna inviterte til undretur



"Bestemor på fjøretur med sine barnebarn".

i fjøra på kvar sine laurdagar. Dei fekk vere med å gå i fjøresteinane og gå på skattejakt, på leit etter fine ting som Gud har skapt. Den største skatten var tydeleg krabbane, medan nokon syntest dei kvite skjella var finast. Fleire foreldre var med og leita og hjelpte til. Ungane fekk høre om han Sakkeus, han little mannen som ikkje klarte heilt å sjå skikkeleg fordi det var så mange som stod framfor han. Borna som hørde på, nikka og kjente seg att. Fleire av dei måtte av og til stå på ein stol for å sjå skikkeleg. Saman med Inger Marie J. Sylte vart dei med og ropte på han Sakkeus som hadde klatra opp i treet for å få betre utsikt. Vi fortalte han at Jesus hadde tenkt å besøke han, så han måtte kome ned for å lukke opp døra si. Bollar og Kakao hører med på ein slik undretur som dette, noko som går ned på høgkant. På søndagen vart borna inviterte til deltaking på hausttakkefest i sokna sine. Her fekk 4-åringane utdelt ei bok som gav frå sokneråda.

Bygging

Det einaste tiltaket i Topp Safari som stod att, fekk sjå dagens lys i slutten av oktober. 8- og 9-åringane var inviterte til å vere med og oppleve at dei er skapte med skapande evner. Arne Andreassen og Olav Sylte stilte opp for å lære bort sine kunnskapar. Vi er så heldige som har fått låne ei tomt på Daugstad som Anna Stavem eig, der vi kan få bygge opp ein trusopplæringspark til offentleg bruk.

Dette året fekk deltakarane bygge opp sitjebenkar og ein bålpllass. Neste år skal vi prøve å snekra ein gapahuk. Deltakarane var ivrige både med sag, hammar og spikar. Dette var tydeleg stas. Dei fekk høre ei bibelforteljing om dei to mennene som bygde hus på ulikt grunnlag som vert linka til kor høgt Jesus sette pris på at vi er snille mot kvarandre og skaper gode relasjonar.



"Med hammar og spikar – ein trusopplæringspark vert bygd".



"Dei nye benkane tek form"

Babysong

Siste onsdag i månaden har ei gruppe på 6 kome til baby-song som vekslar på å vere i Tresfjord kyrkjestove og i Vike kyrkje. Her samlast dei til song, rim®lar, aftenbøn, lystenning og ein god lunsj. Dette er eit veldig koseleg tiltak som både store og små sett pris på. Alle 0-1 år i Vike og Tresfjord sokn er spesielt inviterte til dette arrangementet.

På overnattningstur med Topp Safari

Av Ingrid Gisnås

13-åringar frå Tresfjord og Vikebukt storkoste seg på overnattningstur i fjellet. Hausten er komein, men veret viste seg likevel frå si gode side.



Gjengen på tur.

Fredag kveld 20. august gjekk turen til Kjøpstadvatnet ved Løviksetra. Overnattningsturen til Topp Safari er ein del av Tresfjord og Vike sokn sitt trusopplæringstilbod. Målet er å gi tilbod om aktivitetar for kvart alderssteg frå 0-18 år. Leiarar var Emil Balstad, Halvor Nerheim og Rune Løkke. I tillegg var 10.klassingane Ingrid Gisnås, Kjetil Balstad og Ole Kristian Løkke med. Dei var med på turen for to år sidan og syntest det var så kjekt at dei ville vere med som hjelpeleiarar i år. Så snart alle var oppe ved vatnet, gjekk dei i gang med å sette opp lavo og fyre opp bål. Mens nokre var ute og sette garn, arrangerte

andre leik. Seinare vart det laga mat, sjølvsagt på turvis, i glørne frå bålet. Menyen var ostesmørbrød og fylte eple til dessert. Då sola gjekk ned og alle samla seg rundt bålet, tok dei modigaste seg ein dukkert- ei kald oppleving!

Som for to år sidan, vart bålet halde varmt gjennom heile natta. Nokre av deltakarane og dei yngste av leiarane låg ute, og var ikkje heilt tørre og varme om morgonen. Det vart dei likevel då sola titta fram og det var tid for frukost. Fiskarane var ute og drog opp garnet, og fangsten vart steikt og fort oppeten.

Rune Løkke lærte bort knutar: båtmannsknop, halvstikk og renneløkke. Seinare på dagen kom Inger Marie Jakobsen Sylte og tok med deltakarane på skapingsvandring. Dei gjekk gjennom fleire postar, kor dei såg på den fine naturen og menneska som Gud har skapt, og det som vi menneske har skapt.

Turen vart avslutta med turvarianten av tacos, "Gamle svarten", med pølsebitar, ost, lauk, jalapeños, ketchup og grillkrydder i tortilla. Det var mette og fornøgde ungdommar som vende heim etter ein vellukka tur med Topp Safari!




Lage og ete mat ute er toppers .

Pilegrimstur for konfirmantar

Av Inger Marie J. Sylte

Torsdag 30 september vart den årlege vandringa mot Nidarosdomen starta. 76 ungdomar, 11 foreldre, tre arbeidrar frå kyrkjekontoret og to bussjåførar hadde sett av to dagar til denne turen. Rett etter skuletid møtte dei spente konfirmantane opp på Furneset kai. I to bussar kjørte dei opp til Mjuklia leirstad på Berkåk. Her fekk alle sine rom og eit godt kveldsmåltid. Kvelden vart avslutta med ei fellessamling der Finn Arne Roaldsnes snakka om pilegrimsmalet, kva det vil seie å vere pilegrim: "Ein pilegrim er eit menneske som bryt opp for å reise til ein heilag stad. Det handlar om lengselen etter det som er heilag. Å gå ei pilegrimsvandring er ein prosess som gjer noko med deg som menneske. Når me går, får vi tid til refleksjon". Konfirmantane hadde ei roleg natt. Her var det ikkje mykje ekstraarbeid, sa vaktene. Etter frukost om morgonen drog vi vidare i bussane opp til Kyvatnet. Her starta vandringa. Første stopp var ved Sverresborg der ein frå pilegrimskontoret i Trondheim møtte oss for å vise oss vidare. Me stoppa opp med ulike utsiktstader for å sjå etter målet, Nidaros domkyrkje. Ein viktig stopp av Olavskjelda. Her fekk alle konfirmantane lov til å drikke ein slurk. Denne kjelda skal gje eit



Utsikt mot Nidarosdomen, pilegrimsmalet.

godt liv og reinse ein for sjukdom. St. Olavskjelda har gjennom historia vore spesiell og heilag. Segna fortel at Olav den heilage drakk av vatnet på ei ferd nedover Imsdalen. Trua på at vatnet i kjelda kunne gjere dei friske gjorde at pilegrimar kom til kjelda med sine plager. Vel framme ved kyrkja avslutta dei med å gå ein gong rundt domkyrkja, noko som er vanleg for ein pilegrim. Alle konfirmantane hadde blitt bedne om å plukke med seg ein liten stein i lomma. Denne steinen skulle vere eit symbol for det som var vanskeleg, eller noko som ein tenkte litt ekstra på. Steinen fekk konfirmantane lagt frå seg ved Nidarosdomen, dei fekk lagt frå seg byrdene sine. Inne i Nidarosdomen fekk dei gå rundt og sjå på storverket. Ein guide viste konfirmantane utsikta frå vestveggen, ei oppleving å stå på taket til Nidarosdomen. Det heile vart avslutta med song og bøn ved døypefonten inne i domen.

Etter ein bytur var det ein fornøgd gjeng med pilegrimar som reiste heim att. Bortsett frå at turen hadde vore litt kort.....Nokon konfirmantar sa at dei skulle gjerne vore ein dag ekstra på Mjuklia leirstad, for der var det så hyggeleg. Takk for turen 😊



Ekte pilegrimar.

40 år og Lys Vaken!

Av Liv Gisnås

Fra laurdag til søndag sist helg var 14 barn i alderen 10-12 år samla i Vike kyrkje. Likt alle dei andre sokna i kommunen og mangfaldige andre elles i landet, hadde Vike sokneråd invitert til samling og overnatting i kyrkja for denne aldersgruppa. Til forskjell frå dei andre, var dette også ei feiring av at Vike kyrkje vart innvigd 1. søndag i advent for 40 år sidan.

Barna møtte opp laurdag kveld med sovepose og anna pikk-pakk, fulle av forventning. To vaksne ungdomar, Karen Hoel og Kjersti Gisnås, tok imot dei. I tillegg hadde dei med seg to fjarðarkonfirmantar som assisterar, Kjetil Balstad og Ingrid Gisnås. Nokre av barna hadde vore med på dette før, for andre var det første gongen.

Lys Vaken er ein del av trusopplæringsprogrammet og blir arrangert ved inngangen til det nye kyrkeåret, altså første søndag i advent. Laurdagskvelden blir som ein slags nyårsaftan og barna gjekk feststemte til Tacomåltidet denne kvelden. Etterpå var det litt undervisning om kyrkjerommet og kyrkjas historie, før alle fekk kvar sin fakkelt og gjekk ein runde i bygda. Så var det tid for leik og humøret var på topp.



Feststemte deltakarar i Vestnes kyrkje.

Men det er jo dette å få overnatte i kyrkja som er spanande! Og snart måtte dei få legge utover soveposane sine og prøveliggje dei. Litt før midnatt hadde dei ei samling rundt alteret der dei fekk høre om Samuel i tempelet. Etterpå tente dei kvart sitt lys for ein dei ville tenkje spesielt på. Så kraup alle ned i soveposen og lyset vart sløkt, men det gjekk nok både ein og to timer til før allesov!

Neste morgen var det frukost i kyrkjekjellaren, adventslys og bursdagssong for kyrkja vår. Slike arrangement gjer at barna blir godt kjent med kyrkja si og dei får gode opplevelingar i ho.

Det handlar ikkje om at dei skal vere lys vaken heile natta, men at vi skal vere vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølv. Ikkje minst kan vi oppleve at Gud er LysVaken for oss.



11 åringane song "Lys Våken" under adventslogen i Fiksdal kyrkje.



Frå Lys våken i Tresfjord kyrkje.



Samling rundt lysgloben.



Klar for natta i Vike kyrkje.

Populær dåpsklubb

Av Lena Skattum

Over 8 000 barn er medlemmer i Noregs største og einaste dåpsklubb, TRIPP TRAPP.

Dåpsklubben TRIPP TRAPP er eit tilbod til foreldre, besteforeldre, fadrar eller andre vaksne som ønskjer at eit barn dei er glade i, skal få opplæring i kristen tru. Tre gonger i året får barnet tilbod om ein pakke frå IKO-Forlaget. Pakkane inneholder bøker, CD-er, DVD-er, tøyprodukt eller noko anna. - Klubben tilbyr produkt til heimen som barn og foreldre kan bruke saman. Dei kan lese, lære og undre seg over innhaldet i bøkene, lytte til CD-ane og sjå DVD-ane i fellesskap, seier Cecilie Holdø som er dagleg leiar av klubben. Ønskjet med klubben er å formidle bibelforteljingar til barna, men også å presentere gode skjønnlitterære forteljingar for dei. Holdø meiner slike forteljingar kan formidle at livet

er meir enn det vi kan ta og kjenne på. - Å hjelpe barn til å leve livet og finne meiningsa med det - det er teologi på sitt beste, seier ho. TRIPP TRAPP er for barn mellom 0-12 år. Klubben har ingen krav til minstekjøp, og som i andre bokklubar kan ein velje å avbestille pakkane. - Vi ønskjer at fleire skal oppdage klubben vår og sjå at eit medlemskap kan gjere kristentrua levande i heimen. Forteljingar, musikk, samtale og enkle ritual som å tenne lys, kveldsbøner og liknande er små aktivitetar som vil styrke fellesskapet i familien, og dessutan gi trua ein plass i barnet sin kvardag, seier Cecilie Holdø.

Sjå www.tripptrapp-klubben.no for meir informasjon

I Betlehem

Av Finn Arne Roaldsnes

I mars dette året var 22 prestar frå Møre på studietur til Israel. Dei tre første døgna budde vi i Betlehem som nå ligg på palestinsk område. Her budde vi på Paradise Hotel. Vi fekk høve til å vitje fødselskyrkja og sjå oss om på Betlehemsmarkene. Her vil eg prøve å formidle nokre få inntrykk frå dei tre dagane i Betlehem.

Paradise Hotel

På grunn av irriterande snorking vart eg plassert på einerom. Og der la eg meg ned om lag kl.02.00 på natta. Mørkt over alt, mutters åleine. Berre nokre hundar gøydde. Eg følte meg litt usikker på heile situasjonen. Men det var i ei slik natt Guds son vart fødd. Det var svært kummerlege forhold. Eg låg relativt trygt i ei seng på Paradise medan han vart lagd på strå i ei krubbe. Eg følte at eg sensa stemninga frå denne natta. Godt at han hadde Maria og Josef hjå seg. Morgenon kom, og straks var smågutar på plass utanfor hotellet. Dei selde fløyter for ein dollar stykke. Etter tradisjonen kom smågutar og spelte for Jesus.



Utanfor Paradise hotel.

Fødselskyrkja

Vi måtte vere svært tidleg ute for å sleppe å stå i kø for å komme inn i det spesielle rommet i kyrkja der Jesus vart fødd. Det var ei særskild sterke oppleveling. Og impulsiv som mange prestar kan vere, stemte vi i "Deilig er jorden".

Betlehemsmarkene

Betlehem ligg på ei høgde, og ein kan sjå over til Jerusalem som også ligg høgt. Markene blir difor åssidene rundt Betlehem. Og det var korkje vanskeleg å sjå eller tenkje seg kvar gjetarane kunne ha vore. Her var det store grotter der sauene fann seg livd og ly. No på våren var det mykje grønt gras. Vi såg også gjetarar med sine flokkar vandrande i åssida. Det måtte ha vore eit utruleg fint syn når glansen frå ein heil englehær lyste opp markene og byen. Vi sette oss ned og hadde andakt. Det var ordna til med benkar og stråtak mange stader.



Staden der Jesus blei fødd.

Muren og vaktposten

Som nemnt tidlegare, ligg Betlehem på palestinsk område. Kvar morgen og kveld vart bussen sjekka på grensa av israelske soldatar med fingeren på avtrekkaren. Vi hadde ein reisearrangør som var palestinsk. Vi vart difor sjekka meir grundig enn andre. Ikkje minst vart vår palestinske guide nøye saumfart. Dette gjorde eit sterkt inntrykk på oss alle.



Muren og vaktposten.


Luthersk prest i Betlehem

Ein kveld hadde vi ein samtale med ein luthersk prest frå ei kyrkje i Betlehem. Han minnte oss på det faktum at dei hadde vore kristne i eitt tusen år meir enn vi. Han fortalte om vanskeleg kår for dei kristne. Mange hadde flytta til Europa eller til USA. Han frykta ekstremismen på begge hald. Han var òg opptatt med å vise oss kor viktig det var at palestinarnane fekk retten til den jorda dei hadde den gongen Israel var blitt etablert. Det vart eit svært tankevekkjande møte for oss som lever i den vestlandske forståinga av konflikten mellom jødar og palestinrarar.

Ein julesong av ein rekdal

Av Per Bjørn Ellingseter

Kristen Rekdal (1894-1933) var frå "Plassen" på Rekdal. Han var eldste son til Kristen og Olianna Rekdal, og bror til bygdebokforfattaren Olav Rekdal. Han var ein uvanleg gåverik kar, og det er såleis fortalt at då han kom på skulen i 7-årsalderen, hadde han alt lese gjennom "Snorre" to gonger! Etter artium og lærareksamen tok han til å studere teologi. Han var overlærar ved Nesna lærarskule frå 1921, og i



1926 vart han utnemnd til sokneprest i Nesset. I 1927 vart han gift med Tora Sand, dotter til skulestyrar Anders O. Sand på Remmem. Livet tok ein brå slutt for begge, dei døydde av tuberkulose i 1933. Kristen vart gravlagd på Fiksdal kyrkjegard. Kristen Rekdal var ei drivande kraft i ungdomsarbeidet i Romsdal. Han engasjerte seg både i den frilynde ungdomsrørsla, i mållagsarbeid og i fråhaldsarbeid. Det er sagt at han var ein framifrå talar, både på prekestolen, bak kateteret og som foredragshaldar om ulike tema. Han laga mange dikt og songar, mange av dei vart publiserte i ungdomsbladet "Unge Romsdal". I julenummeret for 1930 fann eg denne julesongen.

Jolekvad

av Kristen Rekdal

Jolekveld. -

*Stjerne-eld
strålar bjart under himmeltjeld.
Stjerner blinkar med blanke ljós,
helsar, vinkar so glad til oss:
"Hugnadsam jol og Guds fred".*

Klokkeklang. -

*Over vang
tonar etter den gamle sang,
sangen som englane song frå sky,
sangen om kongen i Davids by,
kongen som kom med Guds fred.*

*Fødd han vart,
fyrsten bjart,
midt i midvintersnatta svart.
I den mørkaste dauderid
kom han med livsens nyskapningstid
og gav oss frelse og fred.*

Gjev han rom,

*fyrsten som
ifrå himlen med fredsbod kom!
Lat hans stjerne få stråle inn
til kvart kvidefullt, sorgsamt sinn,
lyse nedover oss fred!*

Gjev hans sol

*jol på jol
lyse må ifrå pol til pol,
so hans kongsdom må feste rot
og for synda gje helsebot:
Frelse og æveleg fred!*

Syng hans song

*enn ein gong
som dei song han i stallen trong!
Syng han ut ifrå fjell og fjord!
Syng han ut over all vår jord,
songen om frelse og fred!*

Stjerne-eld

*jolekveld
strålar bjart under himmeltjeld.
Klokkeklangen mot himlen stig.
Ned i menneskehjarto sig
herleg Gudsrike-fred.*

Kvit messehakel til Vestnes kyrkje

Eit utval er sett ned for å arbeide med ny messehakel til Vestnes kyrkje. Frå før har kyrkja grøn og fiolett messehakel i tillegg til den gamle raudbrune som blir brukt på festdagars. Det er dermed først og fremst den kvite som manglar.

Soknerådet ønskjer at utvalet tek kontakt med fleire kunstnarar innan kyrkjekstilar for å kome med forslag til kvit messehakel. Utvalet har hatt møte og tatt kontakt med tre kunstnarar som no er i gang med sine forslag. Innan utgangen av februar vil dei ha utkasta sine klar. Eit vilkår frå soknerådet var at kyrkjesymbolikken skulle vere tydeleg og prisen rimeleg. Utvalet meiner at rundt 50.000 kroner er realistisk. Utvalet er samansett av Helene Henriksen, Jofrid Aas, Jorunn Eriksen og Audbjørg Gjerde Lippert.

Etter at utval og sokneråd har sett på arbeidet til kunstnarane og kome med innstilling, går saka til biskopen som skal godkjenne messehakelen.

Frå 1200-talet blei det vanleg med liturgiske fargar i kyrkjeåret. Fargane skal understreke bodskapen til heilagdagane. Kvitt er fargen til glede, lys og reinleik og skal minne oss om Kristi rettferd. Denne fargen blir brukt i jula (unntatt 2. dag), i påsketida, ved vigsel og kan brukast ved konfirmasjon. Kvite dagar er: 1. juledag, nyttårsaftan, nyttårsdag, Kristi openberringsdag, Jonsok, Maria bodskapsdag, Allehelgensdag og frå 1. påskedag til 6. søndag etter påske.

(www.gudsfred.no/kirkeaaret/kirkeaaretsfarger.htm)

Utvalet som gler seg over å få vere med å skaffe kvit messehakel til Vestnes, vil kome tilbake med meir informasjon om messe-hakelen før påske.

For utvalet

Audbjørg Gjerde Lippert



Min julesalme

Av Kaare Lervik

Av alle dei vakre julesalmene vi har i vår salmeskatt, blir min julesalme utan tvil "Mitt hjerte alltid vanker". Han står på nr. 45 i Norsk Salmebok, og er skriven av den danske biskopen og salmediktaren Hans Adolph Brorson i 1732. Songen er skriven over Lukas 2,12: "Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe". Han skreiv og melodi til songen, men vi brukar ein norsk variant av ein svensk folketone. Så er da også dette ein salme som er brukt i dei skandinaviske landa. Originalteksten hadde 11 vers, men salmeboka i dag har 8. Brorson var i det heile ein stor salmediktar, og han skreiv særleg mange julesongar.

Kva er det så som gjer denne salmen så spesiell for meg? Om svaret skal vere svært kort, eit ord, må det vere *atmosfæren*. Salmen har ein vakker melodi som understrekar nettopp den.

Dette lågmælte uttrykket skaper ei heilt spesiell stemning og gir rom for refleksjonar.

Her er noko av kvart ein kan komme til å tenkje på. Mellom anna kan ein undre seg, slik også Brorson gjorde det, over kvifor Jesus skulle bli født i eit slikt spesielt miljø. Da, og gjennom lange tider, var eit enkelt miljø noko folk flest kunne kjenne seg heime i. Det var heller ikkje så vanskeleg å tilbe himmelkongen som var så nære og så lik dei fleste. Etterkvart som vi blir rikare materielt sett, bleiknar "krubbebarnet" som til slutt måtte ende sitt liv på ein kross. Alle vil ha meir, og "julefesten" er ikkje noko unnatak. Da er det nærliggjande å tenkje: "Kom, Jesus, dog herinn!" Mitt ønskje er at alle må finne sin julesalme, finne ro og få ei god jul!

Mitt yndlingsjulevers

Av Eivind Schiøtt

Det er kanhende ikke så lett å svare på, fordi jeg er veldig glad i Lukas i juleevangeliet. Imidlertid får Johannes veldig godt frem den åndelige og symbolske, ja gjerne filosofiske siden når han legger frem sitt juleevangelium i sitt første kapittel i Johannes 1,1-18. Her er det virkelig rom for ettertanke! I det 9. verset sier han: "Det sanne lys, som opplyser hvert menneske, var i ferd med å komme til verden". Dette verset er jeg spesielt glad i, her spørres det ikke om noen forutsetninger, om noen betingelser. For meg er dette det sanneste ord om menneskeverdet. Ja, Jesus er i hvert menneske, også de som aldri har hørt om ham! Men hvor godt for dem å få høre hvor uendelig høyt han elsker menneskene, og alle de gode løfter som gis dem som tror på Ham og tar imot Ham. Hvordan så egentlig Jesus ut? Dette kan vi gjerne undre oss over. Det finnes mange bildebilder av ham, og vi kan selv danne oss en formening om hvordan han så ut. Men kanhende vi kan se ham i vår nestes ansikt, og hvis vi leter etter ham i vår neste (betyr: nærmeste, fra tysk: nächste), kan vi møte våre medmennesker med en særlig fruktbar holdning. Vi kan ikke unngå å møte vår

neste med kjærlighet, når vi slik ser at hun/han er skapt i Guds billede. "For av Hans fylde har vi alle fått, og det Nåde over Nåde." (Johannes 1,16).

Advent betyr "komme" fra det latinske ordet "ad ventus" som betyr "komme til". Jesus kan komme til oss på så mange måter: han kommer til oss som det lille barnet julaften. Han kommer til det menneske som fylt av Den Hellige Ånd ser hva Gud har gjort for oss i sin sønn, og kommer til tro. Men han skal komme igjen så vi kan se ham virkelig, og han kan komme til oss gjennom et medmenneske, der vi kan føle Kristi Ånd, eller at han har noe av det samme lyset i seg. Vi kan få den riktige "julestemningen" når vi ser hvor rik Jesu komme kan være. Han er den ekte julegaven, som vi aldri blir ferdige med å undres over. Og det er Den Hellige Ånd som viser oss dette, uten ham kan vi ikke gripe dette store juleunderet.

God Jul og la Jesu nærvær komme til dere alle!

Storfamiliegudsteneste på Myra

Mange møtte opp til ein opplevesesrik gudteneste på Myra 1. søndag i advent. Deltakarar frå babysongen var med i prosesjon og viste ein dans som dei har under samlingane sine. Vakker song frå Barnegospellet i

Vestnes, "Lys Våken" deltararar og Helga Marie Hellevik vart delt med oss. Det ble markert at vi ser framover, mot lyse tider, mot markeringa av Jesus bornet som vart fødd i ein stall.



Kom dans med meg.



Barnegospellet song for full hals. Det var nydeleg.

Kort og godt om julekort


Av Ingolf Eriksen

Tradisjonen med julekort er gammel. Det første norske julekortet ble trykt hos Beyer i Bergen i 1870. Motivet var nasjonalromantisk: Et stabbur og et julenek - malt av Adolph Tiedemand. Men tradisjonen ble skapt av den britiske forretningsmannen Henry Cole i 1843. Til å begynne med brukte man såkalte overrekkeseskort. Da møtte man opp personlig hos slekt og venner for å overbringe juleønskene - både muntlig selvsagt, og i form av et ferdigtrykt kort. Her var det plass til å skrive noen få ord til mottakeren. Det første postsendte julekort i Norge var i 1883.

Dette var for øvrig en velkommen tradisjon. Kortene ble tatt godt vare på og satt inn i album. Etter som årene gikk, hadde man en fin billedbok, som ble tatt fram til jul og lagt på et bord slik at alle kunne bla i kortene.


Motivene har variert opp igjennom årene. Den norske nissen opptrådte første gang på et kort i 1883 tegnet av Wilhelm Larsen. Dette var den gamle gårdsnissen. Nissen ble videreutviklet, og tidlig på 1900-tallet var det ikke uvanlig at kjente personer "lånte" ansiktene sine til korttegnerne og fremsto da som nisser. Slik måtte å bruke for eksempel politikere på, var nok mest ironisk ment. Senere er det den amerikanske Cola-nissen som har overtatt.

Selv om julekort ikke er mitt samleområde, har jeg jo "tatt vare på" noen hundre opp gjennom årene. Det som visstnok skal være det mest brukte motivet, er kanefart. Enten er familien på vei til kirke, eller så er motivet fra gården hjemme. Store snøfonner og strategisk plassert julenek, gjerne med dompaper i, fullfører idyllen rundt dombjelletur. Flere kunstnere har tegnet den typiske innlands-norske gården med fine tømmerbygninger. Dessverre er julekortene svært sjeldent signert, så det er vanskelig å vite hvem kunstneren er. En av dem som har laget mange kort, er Per G. Wieghe. Han har laget flere kanefartmotiv - bare i



min samling har jeg 5 forskjellige. Her er to av dem: Under krigen var det populært å fremstille kort med den røde nisseluen. Av forståelige grunner ble nok svært få postlagt, men heller overrakt mottakeren. Et av de mest populære (som jeg dessverre ikke har) var en nisse som skihopper. Denne nissen var langt forut for sin tid: Her ble V-stilen presentert for første gang - lenge før Jan Bokløv lanserte den!! Korttegnerne var svært fantasifulle for å kamuflere "V"-en (seierstegnet) i motivene. Kort med julens egentlige innhold ble vanligere og vanligere utover fra 1980-årene. Etter hvert ble de svært så fargerike - med masse gull og glitter. Men religiøse motiv på julekort har aldri slått helt til i Norge.

Som et par eksempel på dette motivet har jeg valgt to helt ulike kort. Det ene viser barnet i stallen slik som vi kanskje venter å se det. Men se nøyere på det andre: Her har vi det samme motivet, men stallen er plassert ute i skogen mellom snoedekte graner. To lam står i snøen og titter inn på det store underet. Er dette gjort for å gi kortet et mer norsk preg? I alle fall er det en liten kuriositet.



Tradisjonen med julekort er nok dessverre på vei ut. E-posten har overtatt mer og mer, og med det forsvinner nok julekortene - unntatt de elektroniske. Ta godt vare på dine gamle julekort - som et hyggelig minne fra "gamle dager". Snart er det en rik kulturskatt.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

- 27.06 Johan Ove Lungård
- 27.06 Kasper Gjelsten Løken
- 27.06 Mateo Cornelius Vik Sørstabø
- 11.07 Snorre Hovde
- 25.07 Vilhelm Langseth Brekke
- 25.07 Elida Langseth Brekke
- 25.07 Marcel Eiken
- 22.08 Julianna Henriksen Alnes
- 05.09 William Dolpen Falch
- 05.09 Sofie Robertsen
- 19.09 Eline Buås-Hansen
- 19.09 Gabriel Kjelsvik
- 19.09 Tobias Lund Salthammer
- 03.10 Nathalie Holm Arntsen
- 03.10 Synne Bauer
- 03.10 Malene Aas Småge
- 03.10 Mikael Aas Småge
- 03.10 Adam Høgseth Wilhelmsen
- 31.10 Petter Mikael Brekke Tennfjord
- 05.12 Sofie Kolberg Stenødegård
- 05.12 Nathalie Røe-Skvernes
- 05.12 Victoria Bøe Hjelvik

Vigde:

- 26.06 Elin Gjengstø og Mats Hugo Frostad
- 27.06 Marianne Gjelsten og Knut Bjørne Løken
- 10.07 Ane Hunstadbråten og Freddy S. Fagerheim
- 14.08 Tove Vikås og Vidar Steen
- 04.09 Ingvild J. Svensli og Frank Ove Ulvestad

Døde:

- 19.06 Martha Sævareid
- 26.06 Anna Høgseth
- 07.07 Per Sigfred Vik
- 09.07 Ann-Elise Brastad
- 13.07 Åse Frostad
- 25.07 Einar Jan Ellingsgård
- 25.07 Lydia Helset
- 31.07 Mary Elise Marcellussen
- 17.08 Berit Anne Lyngvær
- 20.08 Lars Martin Seljeflot
- 22.08 Odd Asbjørn Giske
- 24.08 Kari Marie Ulsaker
- 15.09 Odd Malvin Bårdsnes
- 28.09 Mary Johanne Frostad
- 30.09 Jens Morten Otterlei
- 30.09 Olav Nerhus
- 07.10 Eirik Gunnar Søraas
- 10.10 Arne Bringsvor
- 11.10 Anny Gudlaug Lyngvær
- 13.10 Marit Sævareid
- 26.10 Ole Stette
- 28.10 Odd Lervik
- 08.11 Marit Farkvam
- 08.11 Eivind Selnæs
- 28.11 Henny Lovise Kjelsvik
- 25.11 Ulrikke Lid
- 30.11 Ester Gjerde

Fiksdal kyrkje

Døpte:

- 20.06 Ole Sebastian Sveia Sanden
- 20.06 Leon Vad
- 18.07 Magnus André Havnsund Bårdsnes
- 18.07 Alexandra Kathleen Edmeades
- 17.10 Kris Andre Johnsen Abrahamsen
- 07.11 Ava Merethe Sponberg Marken

Vigde:

- 10.07 Torild Sandnes og Frode Lid
- 18.07 Maiken E. Havnsund og Geir Stian M. Bårdsnes
- 10.10 Inger-Johanne Nakken og Magne Monsen

Døde:

- 22.08 Paul Martin Nakken
- 18.09 Ola Rekdal

Vike kyrkje

Døpte:

- 14.11 Tristan Nöi Talberg

Døde:

- 04.10 Randi Vike
- 28.11 Karsten Leikarnes

Tresfjord kyrkje

Døpte:

- 29.08 Mathea Repvik Brennvik
- 29.08 Franz Amdam Wiethenstätter
- 12.09 Mia Kathrin Sætre Helland
- 10.10 Sverre Einar Gjelsten Vestnes
- 10.10 Håvar Hoem
- 10.10 Benjamin Lid
- 10.10 Victor Lindset
- 10.10 Oline Stokkeland Misfjord
- 28.11 Ole Martin Utgård Skjegstad

Vigde:

- 03.07 Arnhild Kjersem og Harald Gjelsten
- 24.07 Hege Kathrin Samseth og Ole Andre Orvik
- 24.07 Marte Granrud Straume og Trond C. Bakkeid
- 31.07 Lene Hestenes og Lasse Bruaset
- 21.08 Trine Bruaset og Asbjørn Bråttvik
- 21.08 Mari Tafjord Rødal og Espen Villa Nerbø

Døde:

- 28.06 Alma Beate Eidhammer
- 06.07 Gudbrand Sylte
- 11.07 Turid Marie Skjegstad
- 19.07 Paula Kristiansen
- 31.07 Johanne Sofie Løvik
- 31.07 Ellen Sylte
- 24.08 Hilda Bakkelid
- 18.10 Lars J. Nerheim

**Kjøp gaver med verdi
av Kirkens Nødhjelp:
<http://www.kirkensnodhjelp.no/>**



Gudstenester i Vestnes

Adventskonsertar

12. des. Vestnes kyrkje kl. 17.00
12. des. Fiksdal kyrkje kl. 15.00
19. des. Vike kyrkje kl. 15.00
19. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.30

19. desember 4. s. i advent.

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00
Gudsteneste med nattverd.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00
Gudsteneste med nattverd.

24. desember Julaftan

Vestnes kyrkje kl. 14.00 og 16.00
Julegudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 14.00
Julegudsteneste. Takkoffer til Barne-
og ungdomsarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 16.00
Julegudsteneste. Takkoffer til
Landbruksprosjekt i Aserbajdsjan.

25. desember 1. juledag

Vestnes kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Misjonsalliansen.

Fiksdal kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til NMS.

26. desember 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til
Det norske misjonsselskap.

Vestnes kyrkje kl. 14.00
Songgudsteneste med dåp. Takkoffer
til Misjonsprosjektet i Beghi.

31. desember Nyårsaften

Vestnes kyrkje kl. 22.30
Nyårsaftanmesse.

02. januar Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00
Julefest i kyrkja.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

09. januar 1. s. e. Kr. op.b.dag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Normisjon.
Søndagsskule.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til
Bibelselskapet.

16. januar 2. s. e. Kr. op.b.dag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

23. januar 3. s. e. Kr. op.b.dag

Vike kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Utd. av CD
til 1. klasse. Tårnagenthelg.
Takkoffer til trusopplæringa.

30. januar 4. s. e. Kr. op.b.dag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Utdeling av CD
til 1. klasse. Tårnagenthelg. Takkoffer
til Romsdal søndagsskulekrets.

Tomrefjord bedehus kl. 17.00

Familiegudsteneste. Utd. av Cd til
2. klasse fra Tomrefjord.
Takkoffer til IKO.

06. februar 5. s. e. Kr. op.b.dag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Utd. av Cd til
2. klasse fra Helland. Tårnagenthelg.
Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid.

13. februar Vingardssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Utdeling av bok til 1. klasse
Takkoffer til Topp Safari.

Vike kyrkje kl 17.00

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Bibelselskapet.

20. februar Såmannssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Det norske Bibelselskap.
Søndagsskule.

27. februar Kristi forkl. dag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Bibelselskapet.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til KRIK, Vestnes.

06. mars Søndag før faste

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Karnevals-/ storfamiliegudsteneste.
Takkoffer til R. søndagsskulekrins.
Søndagsskule.

09. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00
Skriftmålgudsteneste.

13. mars 1. søndag i faste

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Åkerlehaugen.

20. mars 2. søndag i faste

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd. Takkoffer
til kyrkjelyden sitt arbeid.

27. mars Maria bodskapsdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Lovsongsgudsteneste.
Kyrkjelyden sitt årsmøte.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Lovsongsgudsteneste. Takkoffer
til Kyrkjelyden sitt arbeid.

03. april 4. søndag i faste

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Kirkens SOS.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Samtalegudsteneste for Tomrefjord.

10. april 5. søndag i faste

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd. Takkoffer
til Nordm. og Romsdal indremisjon.

NYTTÅRSMARKERING

31.12.2010

TUSENÅRSSTADEN

22.30 Midnattsmesse i Vestneskyrkja

23.30 Fakkeltog fra Vestnes kyrkje til Sjøbu
ved Sjögata.

23.45 Nyttårshelsing fra ordføraren

24.00 Raketttoppskyting fra området ved
Kataholmen. Tilsyn av Vestnes brann-
vesen. Fyrverkeri som folk har med.

Tusenårskomiteen held fram nyttårsmarkeringa
ved kommunen sin Tusenårsstad i Helland sentrum.
Komiteen samarbeider med frivillige, og inviterer
barn, ungdom og eldre i Vestnes kommune til nytt-
årsmarkering.

VEL MØTT!!

Øyvind Uren, ordførar

Vi ønskjer kvarandre ei god og velsigna julehøgtid!